

# Uttale fra Modalen kommune til saksnummer NVE 201914739. Begrenset høring av tillegg til revisjonsdokumentet for Modalsvassdraget. Vannslipp 2,2 m<sup>3</sup>/s fra Almelid hele året.

Modalen kommune viser til brev av 13.11.2024, vilkårsrevisjon for Steinslands - /Modalsvassdraget. - Tillegg vedrørende minstevannføring fra Almelidfossen.

Modalen kommune ynskjer å komme med følgjande innspel til tilleggshøyringa.

## I. Krav vedrørende fisketrappa og moglegheit for at anadrom fisk skal kunna vandre :

Kommunen opprettheld kravet om drift av fisketrappa. Men ny kunnskap frå regulanten om driftsutfordringar i fylgje til problem med blant anna ising vinterstid, og som hindrar trappa frå å vere open i delar av vandringsstida til anadrom fisk, gjer at ein no set fram nytt krav om at det vert lagt til rette for trygg nedvandring for smolt, og vinterstøingar/utgytt fisk i Hellandsfossen. Kommunen ynskjer at ein ser på moglegheiter for å gjere tiltak i Hellandsfossen som kan ivareta trygg nedvandring gjennom heile året. Teknisk innretning i Hellandsfossen bør dimensjonerast for å ta omsyn til energiproduksjon, fisketrappa sin funksjon og alternativ nedvandringsveg over Hellandsfossen

## II. Det må sleppast minstevassføring heile året frå Holmura til Mo av omsyn til fiskevandringa.

Modalen kommune opprettheldt kravet om minstevassføring på strekket Holmura – Hellandsfossen, og meiner kravet bør hevast til eit minstevass-slipp på 5 m<sup>3</sup>/s gjennom heile året.

Vi grunngjev dette med økt kunnskap rundt vassføringa på strekningen Holmura - Mo og dei mekanismar som verkar på overlevelsen til fisk i vassdraget i høve til reguleringa. Like viktig er omsynet til reetableringsprosjektet som det vert jobba med i vassdraget.

## III. Hellandsfossen som eit landemerke i kommunen

Sidan oppstarten av Hellandsfoss kraftverk, har det delar av året frå 1 oktober til 15 april ikkje vore krav til minstevassføring i Hellandsfossen og denne har lagt tørr. Kommunen ynskjer at fossen skal framstå som ein foss heile året, både av omsyn til miljøet men og for det visuelle, og set fram krav om minstevassføring i fossen gjennom heile året. Minstevassføringa må sjåast i samanheng med og tilpassast trygg nedvandring av fisk med eventuelle tekniske tiltak i Hellandsfossen som gitt i krav 1.

